



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 32/2016

Møtedato: 16.11.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Søknad om dispensasjon frå kommuneplan, arealgrense for fritidshus

Statskog har sendt over søknad om dispensasjon frå arealgrensa for fritidshus på 80 m² i kommuneplan.

Kommunestyret har vedteke at det skal kunne gjevast dispensasjon frå arealgrense på fritidshus i statsallmenningen. I kommuneplan er det ei arealgrense på 80 m² og det skal kunne gjevast dispensasjon inntil 100 m². Endring av kommuneplan skal følgje ei bestemt prosedyre, m.a. med høyring. Fjellstyret gav derfor uttale om at ein meinte kommuneplanen måtte takast opp til endring i staden for praksis med dispensasjonar. Fjellstyret fekk ikkje medhald i dette av kommunen.

I dispensasjonssaker skal fjellstyret gi uttale. Sidan kommunen i praksis har vedtek ny arealgrense, vil ei eventuell fråråding frå fjellstyret ha lite å bety. Fjellstyret bør derfor vurdere å vedtaka at ein ikkje skal gi uttale til dispensasjonssaker inntil 100 m².

Festetomt i statsallmenningen er normalt punktbeste, utan fast grense for tomta. Etter tomtfesteloven skal festar normalt kunne disponere 1 daa. Normal avstand til nabogrense for bygging er 4 meter etter PBL §70, men kommunen kan godkjenne kortare avstand på bestemte vilkår. Ved eit auka bygningsareal vil avstand til nabo bli ei større utfordring. Det er også ei utfordring at tilbygg på inntil 15 m² og uthus under 50 m² kan først opp utan nabovarsel eller søknad til kommunen. For mindre bygg gjeld det ei grense på 1 meter til nabogrense.

Ein har registert at det har vore uheldige plasseringar fordi arealgrense ikkje er definert. Det må vera eit mål å oppnå kompakte tun som ikkje er til ulempe for andre interesser og ikkje legg beslag på større område enn det tomtfesteloven gir grunnlag for. Det er vanskeleg å definere klare reglar som kan hindre uheldige plasseringar og dette bør derfor drøftast nærare med kommunen og Statskog. Kommunen har opplyst at ein ved revidering av kommuneplan kan definere byggeområde for fritidsfeste. Statskog har foreslege at det kan gjevast tilbod om arealfester. Dette er ein større kostnad for festarane og det er derfor ikkje sikkert festarane vil akseptere ei slik løysing. Inntil ein har eit regelverk på plass, bør fjellstyret få til uttale alle byggesaker som går ut over ei normal tomt etter tomtfesteloven eller kan vera til ulempe for andre interesser.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret ynskjer ikkje å få saker knytt til dispensasjon for fritidshus på inntil 100 m² til uttale. Fjellstyret ber om å få tilsendt til uttale alle byggesaker på fritidsfeste som er skissert til å gå ut over ei normal tomt etter tomtfesteloven eller kan vera til ulempe for andre interesser.

Fjellstyret ynskjer ein dialog med kommunen og Statskog for å finne gode løysingar for å definere byggegrense og regelverk knytt til bygging nær nabogrense.

Vedtak

Fjellstyret ynskjer ikkje å få saker knytt til dispensasjon for fritidshus på inntil 100 m² til uttale. Fjellstyret ber om å få tilsendt til uttale alle byggesaker på fritidsfeste som er skissert til å gå ut over ei normal tomt etter tomtfesteloven eller kan vera til ulempe for andre interesser.

Fjellstyret ynskjer ein dialog med kommunen og Statskog for å finne gode løysingar for å definere byggegrense og regelverk knytt til bygging nær nabogrense.

Vedtaket er samrøystes.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.11.16

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune